




Kåre Skretting bak og Steinar Lode i kamp med heimelaga ishockykøller.



GUTEDAGAR PÅ JÆREN

TOBIAS SKRETTING

Eg kan minnast frå barneåra at det kunne vera aldelest grenselaust kjedelig å vera barn. Og det hende ikkje så sjeldan at eg gjekk og rassa i dørene og jamra og uffa meg:

Mor! Mor, det er ikkje noko å gjera!

Og så var det for henne å prøva å finna på noko som kunne akseptrast som tidsfordriv. Samstundes skulle det helst vera noko «nyttig». Og eg minnest godt kor ofte eg stod ved oppvasken eller sat og hjalp til i størene med havel, renning, bedhest og skivlar, eg minnest at eg var ikkje retteleg fornøgd med tida eg var fødd inn i.

Det var nå fortærande og! Her hadde ein dette eine livet, og kom til verda berre ei gong, og så skulle det plent bera til i ei tid då det ikkje var

nokon gravande ting å ta seg til. Oppvask, spoling, sopa bislaget, handleturar og bærhenting, uff!

Kvifor var eg ikkje heller fødd i steinalderen. Då måtte det ha vore spanande å leva. Tenk berre, å kunna gå på jakt med klubbe og spyd i det nye landet oppunder iskanten og slåst med bjørn og villsvin, smyga seg inn på hjort og elg i tett urskog eller glida utover ein still fjordarm i ei uthola trestamme med harpuna klar. Det hadde vore noko anna enn å stå her. Filleren!

Eller vikingtida! Det vart då vel fødd på tusenvis av gitar i vikingtida, kvifor ikkje eg også? Eller i riddartida med Ivanhoe og Robin Hood og innemura prinsesser i høge tårn med vollgraver og tett eikeskog.

For ikkje å snakka om seglskutetida. Å, tenk berre: Då for 12–13-åringar til sjøs, med eller utan lov heimanfrå. Farta heile verda rundt og slåst med farlege innfødde og orkanar og stivfrosne segl, forliste på ukjende øyar og kom heim som store, sterke kjemper. Og heile bygda undrast på at dette var den vesle, pjuskete guten som hadde rømt heimanfrå, og som alle trudde hadde funne si siste seng der ute ved stormande strender. Og alle jentene stod som blyge fiolar i kvar einaste vegveita og berre venta på å verta plukka.

Men helten ansa ikkje fiolane. Han skulle beine vegen til ei nykasta grav ved den kvite kyrkja. For ho, den eine, trufaste som hadde venta og grete seg gjennom dei mange åra då alle trudde at han var borte for alltid, ho som han hadde gått ved sida av på stranda natta før han for, ho som hadde venta og sagt nei til alle friarane for å vera trufast mot sin kjære sjømann, nå var ho ikkje meir. Den lange ventetida vart for tung. Då all von var ute, kunne ho ikkje leva meir. Han hadde kome for seint!

Men grava skulle han sjå før han drog ut att til sitt einsame liv. Den uredde, stolte kapteinen som korkje røvarar eller iskalde orkanar kunne rikka.

Og her stod eg ved oppvaskbenken! Var det rettfærd i slikt?

Skuledagane var betre. Der var me samla to store klassar annankvar dag. Og sjølv om timane kunne verta lange, og sjølv om dei nedre glasrutene i vindaugo var gråmåla for å hindra augo i å verta distrahererte av «Verdens lyst» der ute, så vart det friminutt rett som det var. Og då var det mykje å finna på.

Når me skulle slå ball eller brentball, måtte me først dela oss i to lag. Det vart gjort på den måten at to av dei djervaste gutane valde kvar sin av oss

annankvar gong til alle var utdelte. Og sjølv om det kanskje ikkje var så gildt å koma heilt i siste enden på prioritetslista, var det ingen som stod att.

Og så var det å avgjerda kva for eit lag som skulle vera «inne» først. Dette vart gjort på den måten at dei same to gutane kasta selstra mellom seg frå hand til hand til takta av ei regla: «Ute – inne – på ein – stive – strake – ståande – pinne».

Og så entra dei med hendene oppover selstra, og den av dei som først greidde å ta selstretoppen i munnen slik at han nådde med leppene ned på si eiga hand, hadde retten til å føra sitt lag i angrepsposisjon.

Læraren i leiken

Læraren var ein autoritær realitet i gamleskulen. Det var lite å tenkja på å setja seg opp mot han, eller ho dersom det var ei lærarinne. Sjølv har eg berre gått to dagar for ei slik, etter mi meining to dagar for mykje! Nei, det skulle ein mann til på kateteret, i alle høve i storskulen. Lærarinna kunne nok ha noko å tilføra tassane i småskulen, men så var det også jamnt slutt.

Læraren vår visste å setja seg i respekt. Han hadde i si tid lagt handa på sirkelsaga og skore vekk halve. På det viset hadde han fått ein ekstra snert i øyrefikane, sjølv om han berre nytta slike harde argument i nødstilfelle.

Til vanleg rådde han suverent over stova berre med augo og kjeften. Han kunne vera beisk, den!

Ei gong etter eit uventa bakhaldsangrep frå hardhanda, var eg fast bestemt på å myrda han ved første høvet. Det stod berre på valg av framgangsmåte. Eg hadde nett lese «De tre musketerer» og sverma for kårde. Men ikkje visste eg om nokon slik i bygda, og dessutan vurderte eg sjansen for

ein vellukka utgang på eit såvore eventyr for å vera så minimal at eg fann ut det var best å venta til eg vart vaksen.

Sjølv om læraren var ein del av kvardagen, og av bygda, kjende me han berre ved etternamnet, og gjer det ennå for den del. Me visste nok at han hadde vore gutunge sjølv ein gong, men det var uendeleg lenge sidan. Ei gong fortalde han om då han i barnsleg uforstand hadde vore med på å drukna ein gris som skulle læra symjekunsten heime i Vikedalselva. Me såg på han med skrekkblanda undring etter den saga. Noko slikt hadde ingen av oss noko å stilla opp mot.

Han hadde også snert i tilslaget på selstra når han var med oss og slo ball. Då kunne han med eit einaste slag snu det mørkaste nederlaget til jublande seiershyl. Det verka på oss som han kunne slå nett så langt han ville, og berre av godvilje ikkje slo over garden kvar gong. Og han stakk så hardt at det sveid heile timen etterpå når den harde, raude ballen råka ein kjøttfull kropsdel. Men jentene berre lempa han ballen på, som rett og rimeleg var.

Det var ikkje noko lærarrom på gamleskulen der læraren kunne gøyma seg vekk og «slappa av» i friminutta. Me visste ikkje då kor godt me hadde det. Men eg er viss på at dette ny-motes påfunnet har teke frå borna ein god leikekamerat, og frå læraren det beste høvet til verkeleg å verta ven med dei. Og ven og kamerat var han, læraren på gamleskulen!

Han var også med og såg etter at det ikkje gjekk altfor vilt for seg når nokon skulle prøva kreftene på einannan. Og han gjorde opp på staden om ein slamp vart altfor pågåande med snøballkasting på jenter eller glasruter.

Vinterdag

Det var kjærkome når det kom snø og frost. Då laga me sklie i bakken og gjekk til Nils på Skatteberget, bonden rett ved skulen, og kjøpte oss ein pulk for ein tikroning. (Av ein eller annan grunn hadde han liggjande ei mengd slike i løa si. Me meinte at det var noko som låg att etter tyskarane.) Ein pulk var god å renna på, og det var god plass til 3–4 av oss om gonga. Men ei gong eg drog min med like ned til brekka ved fyren, vart det vel mykje å lappa både på pulken og meg etterpå.

På slike gode vinterdagar skunda me oss heim frå skulen, fekk i oss litt middag og treiv Limaskeisene for å nytta tida før mørkna kom. Både på Lodetjørna og på Audamotlandtjørna kunne me gå, det var etter som isen var best. Men på Audamotlandtjørna var det helst dei større ungdomane som rådde grunnen. Og dei syntest helst å lika seg best i skumringa!

På isen kunne me finna på litt av kvart. Men dersom me var mange nok, vart det helst til å dela seg i lag og kanskje slå ein slags primitiv ishockey eller ta Kaperal eller Dei tri egga. Ellers kunne me på godt føre samlast i Slaktarsbrotet på stasjonen og renna på slede. Og hadde ein då styreslede og kanskje fekk vri det slik til at ein hadde ei jente mellom armane som styrde og ei bak seg, og då bann gass tvers over Jammerdalen og ein vel berekna velt i snøkanten, og alle i ei møyje med armar og bein i hytt og ver, ja, då var det så visst ingen som frau! I alle fall ikkje før ein stolpa seg opp trappa heime og vrengde av seg snøete klede og stive beksaumsko til tørk inne ved omnen klar til neste dag.

Som oftast var gutar og jenter i lag i leiken. Men ikkje i alt, og ikkje kvar som helst. Såleis kunne ein



Forfattern 13–14 år gammel i lag med yngste bror Gaute. Me budde då i Tørres Kvía sitt hus på Lode. Legg merke til den sjølvstrikkta hårkrossen som skulle halda det lange, bakovergreidde håret på plass. Slik gjekk me heile dagen, også inne.

til nød nytta ein kjedeleg dag til å hoppa paradís eller gjera veggball heime med søstrene, men ikkje på skulen. Då sparka me heller fotball. Men om eg ei sjeldan gong sykla til Ånestad til søskenbarna mine, så hadde dei krocketbane på Trianten og

også plass til fotball, og der var også jentene med. Særleg Hanna og Margit hjå Elias var nokre hålingar og slett ikkje lette å dribla av når dei kom imot! Og når me var leie av leiken, hende det at me fekk egg hjå Faster og gjekk tur i marka og koka egg i ein blekkbokse og åt som snop i solvarmen attunder markagarden. Det var gilde stunder!

Skog og mark

Markene kunne brukast til mykje. Der kunne me plukka myrbær og krekling, leita etter reir eller grava store grøfteamlegg. Og var der ein skogakrull, kunne me klatra i trea og sjå i underlege reir. I Vigreskogen var det så store forhold at ein mest kunne gå seg vill når me leika indianarar eller politi og røvar. Men der skulle ein helst fara varleg, for midt inne i skogen hadde Vigreungane fotballbane. Og Vigreungane var ramp og fekk dei sjå oss, kunne fort leiken verta ein annan dans med skrik og banning og myrsurpeballar klaskande i rygg og nakke.

Dans ja!

Det første minnet om bruken av ordet «Dans» i tydinga «offentleg dansetilstelling», skriv seg frå mine aller første barneår, og låg på eit heilt abstrakt plan. Det var i krigsåra dette, og eg hadde vore for liten til å ha nokre minne frå tida før. Eg hadde såleis ikkje greie på slikt som bom-bom, sukkerlade og tyggegummi. Eg hadde i det heile lite vit på korleis det var å leva i overflod, kanskje då bortsett frå ei og anna kort stund med fråtsing i godlukta i kista på loftet.

Der låg det nokre små posar med svsker og rosin, så mykje risengryn at me hadde akkurat nok til julegraut i dei fem åra, og, det største av alt, og

så verdfullt at det vart ståande mest ubrukt i alle åra: Ein pakke Blenda med gullgul sol på blå botn og med ei så merkverdig god lukt at det var liksom nervene hang seg fast og ga frå seg lette smårykningar av velvære i lang tid etterpå.

Slik var det altså, slik var Fred. Fred var Blenda og svisker og norske flagg og «Ja, vi elsker» tonande fritt kvar som helst. Men nå var det krig. Og vask med B-såpe som skurde som sandpapir, og vaskepulver som berre heitte Vaskepulver med blå bokstavar på kjedeleg, kvitt papir. Utan lukt, og vel også utan vaskeverknad.

Det var krig. Og eg hørde forviten på dei litt større jentungane som drøymde seg attende til åra før, og minna kvarandre om korleis dei hadde kunna gå på Planen på Varhaug om morgonen etter at det hadde vore Dans, korleis dei kunne gå og plukka tyggegummi og endåtil finna nokre så lite brukte at søtsmaken ennå hang i. Tenk, for ei overflod det hadde vore! Var dei berre tidleg ute, og flinke til å leita, kunne dei ha tyggegummi i dagevis.

Ja, ikkje visste eg kva tyggegummi var, ikkje visste eg kva Planen på Varhaug var og heller ikkje kva Dans var.

Men det var minningar om ei tid som hadde vore, tida før tyskarane kom. Og det vart for meg også knytt til vonene om krigen skulle ta slutt ein gong. Helst snart, så eg og kunne få gå på Planen og leita etter tyggegummi.

Det gjekk nå ellers mange år etter krigen før eg fekk setja tennene i ein kjøpt tyggegummi. Men me kunne av og til vera heldige og koma til i ein kornstakk der det låg kveite. Og tok me oss då bryet med å trøskja nokre aks i handa, blåsa og reinsa og få ei handfull kveitekorn, og så tyggja

dette vel og lenge, utan for stort svinn, ja, så kunne me få ein liten klatt tyggegummi ut av det. Me var sjølvhjelpete og tok ikke det sjuande bodet bokstaveleg når me ei sjeldan gong kom bort i ein slik resurs.

Eg minnest særleg ei gong, eg var med nokre Ånestadungar og me lurde oss inn i løa hjå Pitter Vagle for å stela kveite. Der låg ein stor stae. Og me minste gjekk med ein gong flittig i gang med trøskinga. Me la mest ikkje merke til at dei største berre klatra vidare og høgare inn over i mørkna i høystaen. Me registrerte berre med eit halvt øyra at det snart kom lått og fnis og kvasse jenteskrik ut frå mørkna innunder dei låge, støvete sperra.


Men me skunda oss og fekk munnen full og hadde sikra oss råstoff til ei alle tiders stortugge før sjauen i høyet resulterte i eit sinna, grovt mål frå stigen i fjosluka.

Og me for snåvande og tyggjande ut.

Me såg ikkje meir til dei største den dagen, eg sette meg på sykkelen og kom meg heimover att. Men eg tykte det var underleg at dei som hadde kome på den gode ideen, ikkje syntest å bry seg det minste om kveiten. Og det skulle ennå gå nokre år før jenter i ein høystae kunne ta opp konkurransen med tyggegummien.

Å nei, eg hadde ikkje mykje vit på det å leva i eit overflodssamfunn. Og slett ikkje hadde eg vit på dans. Men eg lærde fort at ordet berre kunne brukast når dei vaksne ikkje hørde etter, at det var eit ord mest i same klassen som banning og stygt snakk. Små barn er lydware for slikt, og passer seg lett inn i livet og verda.

Nei, skulle det verta folk av oss og ikkje hedningar, måtte me læra oss til å sitja stille ved bordet, lesa fint for maten, ikkje bruka stygge ord og ikkje



Leikekammeratar på Lode. Frå v. Gunleif Johannesen og eg, bak dei to yngre brørne Kåre og Gaute.

tenkja på dans og slikt fantefjas. Men etter kvart som eg vaks til og fekk noko friare taumar, vart det likevel råd med både det eine og andre. I losjen kunne me gå, det var godt for oss å vera fråhaldsfolk. Og på losjen hadde dei berre leik på møta, ikkje dans. Og det var strenge reaksjonar dersom

nokon i frekk vanvare fann på å ta nokre valsesteg.

Berre leik ja.

Men for ei pine! Der sat me ved kvar sin vegg, jentene langs den øystre og gutane opp etter vestreveggen. Og å koma med i kapplaupet når gutane skulle ta, var ei like stor personleg overvinning som å be om tilgjeving for å ha gjort noko gale. Eg vart som oftast sitjande att i lag med nokre få andre som heller ikkje kunne få føtene med seg, korkje over golvet eller på golvet.

Og dette visste sjølvsgagt også jentene om. Anna kvar gong var det deira tur til å ta, og dei tok slike som meg berre som ein siste utveg for å sleppa å gå tilbake over golvet og setja seg og dermed syna for all verda at dei hadde vore for seine i snuen til å få tak i den dei ville hatt med seg.

Og så snakkar folk i dag som om «Taparar» er eit nytt fenomen som min generasjon er skuldande i!

Nei, blyg var eg, og lite kunne eg. Sjølv eit leikekurs var helst til fånyttas. Der og praktiserte ein det same systemet med springing over golvet og bukking og neiing. Og etter som me var litt fleire gutar enn jenter, vart det lite effektiv læring. Eg kom ikkje langt opp i gradene i losjen.

Ei anna form for dans som og var akseptert, var gang rundt juletreet på alle dei tettpakka julefestane i den tida. Det kan nok høyrast litt rart ut, men for oss som var heilt unge, var det likevel som ein dans. Me venta til me fekk plass i den ytre ringen, som oftast måtte ein tur både bak talarstolen og ut på gangen for å gi plass til ringane på innsida, og kunne halda runde etter runde og sang

etter sang med ei varm, sveitt hand i ei like sveitt jentehand. Og var det då attpå til den rette jenta, vart gonga rundt treet ein dans som varmde om hjarta i lang tid.

Laurdagsdansen

I den tida då eg vaks opp, var me vaksne så snart me var ferdige med dei sju åra på folkeskulen og hadde fått prestehanda på oss. Då var det å få seg ein drengjeplass, kjøpa seg pipe og få ein av dei gamle drengene til å «røygjin inn». Og på laurdagskvelden var det å fiffa seg opp i konfirmasjonsdressen, stappa seg opp med tobakksøskje, stikkedåse og pipe, pengetaska på raulomma og helst også ein liten på indrelomma, og hiva seg på sykkelen og opp på planen. Dansinga var det så som så med, men av og til kunne ein ta ein tjangs og stima tvers over golvet til jentene og bukka fint og by opp til ein svingom.

Å du, eg tykkjest berre sjå det for meg, det må ha vore litt av eit syn! Men det skal ein vera klar over, det skulle eit tjora mot til for å gi seg ut på den sermonien. Ja, for ein sermoni var det verkeleg i den tida. Ikkje berre det at ein måtte ut av den forholdsvis beskytta tilverelsen inni kameratflokkjen, ut på det vide, opne golvet midt i glaninga for alt folket. Ein måtte også koma fram til jenta før nokon annan baud ho opp. Og – ikkje minst – ein var slett ikkje trygg på om ho sa ja takk når ein endeleg kom så langt.

Og då å få møna det så nokolunde av med æra i behold, anten med å ryka seg på ei annor eller å tusla seg tilbake og sjå mest mogeleg likehollen ut, det var sanneleg litt av ein tjangs å ta. Og når ein attpå til tek i betraktning kor infernalsk vanskeleg og innvikla det var å finna ut av musikken, om det

var vals eller tango eller foxtrot dei spela, og gjerne ikkje kunne så mykje meir enn å stiga litt att og fram og tru ein dansa tango, ja, ta alt dette med i reknestykket. Og kan ein så undrast på om ein tykte at det einaste som kunne få det så nokolunde til å gå opp, var å ballansera det av med ein liten oppstiver?

Dansinga var nå heller ikkje det viktigaste, slett ikkje.

Og kvinnfolk var noko herk som ein ikkje trong bry seg altfor mykje med ennå. Nei, då var det viktigare å kunna snitten med å arbeida seg fram i køen framfor pølsebua. Og om me tok bussen og drog til Bryne på Festivitetet eller like til Riskjeld, så var der skytebane med luftgevær og stålpiler med kulørt styredusk. Fem piler i ein omgang for ei krone. Og kunne ein då få til ein skikkeleg omgang på 7 – 8 – 49 og danka ut spesialistane som stod heile kvelden med børsa, kunne ein då

– dette med jenter. Her Liv Helberg g. Hegrestad.
Alle foto i artikkelen tilhøyrer forfattaren.



vera heldig og få bestemannspremien med seg heim, så var både den kvelden redda og ein kunne også stilla opp resten av sesongen med ein viss glans.

Nei, dans og jenter var det ikkje så mykje med. Då var det gjævare om ein kunne hamna ut i ein skikkeleg krangel og ryka i hop på turre nevane. Det var i den tida då det verkeleg var realitetar bak ordtaket: «Nogen er fydde med blåe aue, andre må kjempa seg te di». Og kamp kunne der saktans verta, sjølv om det helst gjekk på munnbruk og risting med knyttnevar. Men tru berre ikkje at det gjekk heilt vilt og på må få for seg. Å nei, sjølv ein slåstkamp var som ein sermoni og ein hadde å følgja reglane. Det var noko som heitte «å tapa med æra»! Og reglane var få og enkle: Ikkje slag under beltet, ikkje noko i nevane og stans så snart ein av partane ga seg. Og for ein som stilte svakt når det var snakk om styrke og teknikk, var det alltid ei viss sikkerhet i bakhanda at vakter og andre tilskuarar greip inn og stoppa sermonien når det trongs.

Og heime på drengeromet og i kammeratflokken var det alltid råd å sola seg i glansen av ein slåstkamp, anten ein hadde tapt eller vunne. Og etter som kampen vart analysert og rekonstruert utetter i veka, vart det for det meste til at ein hadde gitt meir enn ein måtte ta i mot. Og til neste helg var det nye sjangsar.

Og på søndagen var det til å dampa bukse, kosta av surpe nedpå bretten, ta av sykklasmurning med bensin, og pølsefeitt og sennep og kanskje ein blodflekk om så gale var, og hengja dressen i kledehengar på kroken under kledehylla klar til neste laurdag. Så pass måtte ein kunna hjelpa seg sjølv når ein skulle vera vaksen kar.

Dette med jenter

Men så var det dette med jenter då. Eg sa visst at jenter var noko herk, det var nå ikkje heilt sant om eg skal vera ærleg. Og det skal ein vera!

Me visste lite om jenter. Eg lika å lesa. Eg las om Tarsan og Biggels, om spionar og sportsheltar, rubb og stubb og kva eg kom over. Eg las også om yndige jomfruer og prinsesser som sat i fangetårnet og venta på den tapre riddaren som skulle koma og fri dei ut, og gifta seg med dei og leva lukkeleg alle dagar. Og eg las om dramatiske frieri med guten på kne og heile framtida i «hennes vidunderlige, rosenrøde leber» og spaninga på topp like til det avgjerande svaret. Og sjølv om det ikke interesserte meg noko sær, og eg helst tykte det var ubegripeleg naute, så var eg likevel klar over at det nok var noko som hørde med til det å verta vaksen. Og eg rekna med at eg skulle klara det som skulle til, eg såvel som alle andre. Og det hende også at eg øvde meg litt når eg var viss på å vera heilt for meg sjølv: «Jeg elsker Dem, frøken. Vil De blive min hustru?» Det var ganske så det vrendte seg i meg, så tåpeleg tykte eg det hørdest ut. Og endå var ikkje dette det verste. Nei, for det var nå så at dersom den utvalde då svara «Ja», ja då skulle frieriet avsluttast og «besegles med et sødmefylt kyss». Og der stoppa det bom for meg. Eg forsona meg med at det der med kjærast og brudlaup ikkje var noko for meg.

Ja ja, ein vart nå litt eldre med kvart. Og hjå storesøstrene fann eg Romantikk-hefte med fortellingar om den fattige, skjønne kontordama som elska sjefen og han elska henne. Men så når dei slik hadde elska einannan ei passeleg stund, så skulle ho ha barn og så kom det for ein dag at sjefen var ein riktig slog som anten var gift frå før

eller fann på noko anna og i alle fall slett ikkje elska kontordama meir. Og så synt det seg at i heimbygda gjekk han som alltid hadde elska henne, og at dei to var skapte for einannan. Og så enda alt som i eventyret, i fryd og gammen og Din for evig trofaste!

Og så best det var stod ein sjølv der og skulle vera vaksen og takla ei verd som slett ikkje var etter boka.

Det stod i Romantikk at kontordama skulle ha barn. Og det var også alt som var å finna på trykk om det emnet. Resten måtte ein finna ut sjølv. Og smått om senn sank ein ihop litt her og litt der og hadde det så nokolunde klart i grove trekk. Svært grove trekk, må eg vel helst seia.

Og dei første åra som vaksen måtte også nyttast til å samla supplerande opplysningar og til slikt som vel kan kallast «markstudier».

Om me fekk tak i kvinnfolk? Å jau, det kunne vel saktans vri seg slik til, sjølv om ein var hjelpe-laust blyg og lite for seg. Men tullet frå Roman-

tikk, romanar og vekeblad om dei to som var skapte for einannan og alt det der, det måtte ein fort læra seg til å sjå bort frå. For her var det andre reglar å følgja. Og fekk ein ikkje den ein elska, så fekk ein elska den ein fekk.

Gratulerer som voksen! sa dei til oss når me var konfirmerte. Var det berre så enkelt!

Nei, det var ikkje berre enkelt, det skal vera visst.

Det var ei tid full av nederlag og audmjukingar. Ein skulle vera kar og herre over situasjonen, og så dumma ein seg ut og sat att med skamma, gong etter gong.

Det var usikkerhet og uvissa. Ein var utrygg på seg sjølv, på kameratane, på dei eldre, på folk og ikkje minst på dette med jenter. Alltid måtte ein spela ei rolle, skiftande etter situasjonen. Vera seg sjølv torde ein mest ikkje når ein var åleine ein-gong.

Likevel må ein sanna dei gamle diktarorda: «Sælt er livet med all sin harm . . .»

Tobias Skretting

Formann i kulturstyret i Hå, og avdelingsleiar ved Hå Bygdemuseum.

Adresse: Hå kulturkontor, 4360 Varhaug.